

**Fra:** Per Rune Vereide [Per.Rune.Vereide@sfj.no]

**Til:** postmottak@kd.dep.no [postmottak@kd.dep.no]; Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:** ragnhild.vassbotn@elev.no [ragnhild.vassbotn@elev.no]; elev@elev.no [elev@elev.no]; senterungdommen@sp.no [senterungdommen@sp.no]

**Sendt:** 09.03.2016 13:48:03

**Emne:** Fråsegn frå fylkesårsmøte i Senterpartiet

**Vedlegg:**

Frå

Fylkesårsmøtet i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til

Kunnskapsdepartementet v/statsråden

Hovudutval for opplæring – Sogn og Fjordane fylkeskommune

### **Nei til fråværsgrense**

Regjeringa har vedteke at det frå og med skuleåret 2016/17 skal vere ei nasjonal fråværsgrense på maksimalt 10 prosent. Om grensa overskridast i eit fag, vil ein ikkje få standpunktkarakter i dette faget.

Ei slik grense tek utgangspunkt i at alt udokumentert fråvær er skulk. Dette er ikkje nødvendigvis tilfellet. Psykisk utmatting, problem i heimen og mobbing er døme på utbreidde og alvorlege årsaker som kan vere vanskeleg å få dokumentasjon på. Å straffe dei som allereie har ein krevjande kvardag er urettferdig.

Vidare er 10 prosent ei svært låg grense. I to-timars fag skal det ikkje meir enn to dagar fråvær til før du misser karakter i gjeldande fag. Dette er igjen urettferdig! Det burde vere kompetanse og ikkje fråvær som veg sterkast når ein karakter skal setjast.

Målet med regelen er å forhindre skulk, men vi ser risiko ved at den tvert imot kan forverre situasjonen til dei som allereie slit, og i det lange løp auke talet på dei som droppar ut av vidaregåande skule. Dette er ikkje framtidsretta. Vi har tillit til at lærarane sjølve klarer å vurdere om dei har nok vurderingsgrunnlag til å setje karakter eller ikkje, og er difor i mot denne grensa.

Vi veit at kroppsøving er faget med størst fråværsprosent, og som utløyser størst hinder for utskrive vitnemål. Vi vil heller prioritere førebyggjande tiltak framfor straffande tiltak.

Senterpartiet i Sogn og Fjordane vil:

- fjerne fråværsgrensa
- prioritere tiltak retta mot kroppsøvingfaget

Kopi til:

Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane

Senterungdomen

Senterpartiets hovudorganisasjon og stortingsgruppe

Presse og media

---

Ha ein fin dag ☺

Med helsing  
Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Per Rune Vereide  
f-sekr.

Kontaktinfo:  
Telefon – 9770 6884  
E-post – [prv@sp.no](mailto:prv@sp.no)  
Adresse – postboks 154 – 6821 Sandane

[www.sp.no](http://www.sp.no)  
[www.sp.no/sfj](http://www.sp.no/sfj)